



# Sør-Fron kommune

## Personal og organisasjon

2gode AS  
Moarusta 27  
2647 SØR-FRON

Vår ref.  
20/4834

Dykkar ref.

Arkiv  
G10

Dato  
17.03.2020

### Informasjon til næringsdrivande om korona-situasjonen

Dette brevet går ut til alle registrerte næringsdrivande i Sør-Fron Kommune i Brønnøysundregisteret.

#### Vedtak etter smittevernlova

Kommuneoverlegen har fatta eit vedtak etter smittevernlova. Sør-Fron kommune ber om at alle les nøye gjennom vedtaket (vedlagt), og innfører nødvendige tiltak for å førebyggje vidare spreining av koronasmitta.

Det er sendt ut plakatar med hygienereglar som er gjeldande for kommunane Nord-Fron, Sør-Fron, Gausdal og Øyer. Mange bedrifter har allereie fått, men dersom vi ikkje har nådd alle, har vi lagt ved plakaten her som di verksemd kan printe ut og henge godt synleg ved inngangspartiet.

#### Kartlegging av permitteringar

Vi veit at mange av dykk er inne i ei svært krevjande periode som følgje av situasjonen kytt til koronaviruset. Vi ønskjer i samarbeid med NAV å skaffe oss ei oversikt over bedrifter som går til permitteringar, og samtidig informere om dei statlege ordningane som er oppretta i denne ekstraordinære situasjonen.

Dersom di bedrift permitterer, ønskjer vi at du informerer om talet på tilsette totalt i bedrifta og antal permitteringar i ein e-post til [bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no](mailto:bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no).

Midt-Gudbrandsdal næringsforening sender nå ut ei spørjeundersøking om situasjonen for bedriftene i Midt-Gudbrandsdalen. Vi håpar du tek deg tid til å svare på denne.

Følg denne lenka for å svare:

[https://docs.google.com/forms/d/e/1FAIpQLScyxmRSaKno0xfblEchO\\_pBLDFcHZfEgl1wVXsSzg2tuNdc0A/viewform](https://docs.google.com/forms/d/e/1FAIpQLScyxmRSaKno0xfblEchO_pBLDFcHZfEgl1wVXsSzg2tuNdc0A/viewform)

#### Kor kan du lese meir?

<b>Adresse</b> Sør-Fron kommune	<b>Telefon</b> 61 29 90 00	<b>E-post</b> postmottak@sor-fron.kommune.no	<b>Bankkonto</b> 2095.07.72973	<b>Saksbehandlar</b> Bjørn Kjellsson Sletten, tenesteleiar for kultur og næring
Kommunevegen 1 2647 Sør-Fron	<b>Telefax</b> 61 29 90 01	<b>Web</b> www.sor-fron.kommune.no	<b>Org. nr.</b> 941 827 195	<b>Dir. telefon</b> 61 29 91 54

Her er nokre av dei mest nyttige lenkene der du som arbeidsgivar kan finne informasjon rundt permitteringar hos NAV:

- **Permitteringar – informasjon til arbeidsgivarar**

<https://www.nav.no/no/bedrift/innhold-til-bedrift-forside/nyheter/permitteringar-som-folge-av-koronaviruset>

- **Arbeidsgivar – kva gjeld i min situasjon?**

<https://www.nav.no/no/bedrift/innhold-til-bedrift-forside/nyttig-a-vite/arbeidsgiver-hva-gjelder-i-min-situasjon#chapter-1>

- **Sjølvtendig næringsdrivande – kva gjeld i min situasjon?**

<https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/sporsmal-og-svar-i-forbindelse-med-koronaviruset/selvstendig-naeringsdrivende-hva-gjelder-i-min-situasjon#chapter-4>

- **Min side hos NAV**

Dei fleste bedrifter kjenner nok allereie til «Min side» -

<https://arbeidsgiver.nav.no/min-side-arbeidsgiver/>. Her er det innlogging med BankID.

Her vil det også ligge relevant info.

Med helsing

Bjørn Kjellsson Sletten  
tenesteleiar for kultur og næring

*Godkjent elektronisk og ekspedert utan underskrift, iht interne rutinar.*

<b>Vedlegg:</b>
Forskrift om forebygging av koronasmitte i Sør-Fron
2020 Huskeplakat Korona

**Kopi til:**

Anne Holsbrekken

Ole Tvette Muriteigen

Rune Fromreide Sommer